

## **Svar på interpellasjon frå Bygdelista Folkeviljen i Meland v/Morten Klementsens**

To store internasjonale frihandelsavtalar er for tida under forhandlingar, TTIP (Transatlantic Trade and Investment Partnership) og TISA (Trade in Service Agreement). Noreg er ikkje med i TTIP-forhandlingane, dei er mellom EU og USA, men er ein aktiv pådrivar i prosessen. TISA, derimot, blir forhandla mellom dei 50 rikaste landa i verda, her har Noreg sin plass. Denne prosessen skal føre til ein internasjonal frihandelsavtale om tenesteyting.

Både TTIP- og TISA-forhandlingane er prega i stor grad av at innhaldet er halde hemmeleg. Dette er eit klart demokratisk problem, deltakarane er velstående nasjonar og store internasjonale konsern med klare eigeninteresser.

Informasjon som er lekka frå forhandlingane tyder på at TISA-avtalen vil føre til auka og irreversibel privatisering av offentlege tenester, i tillegg til svekka arbeidstakarrettar og –vilkår, samt forbrukarrettar og miljø. Det er ein trussel mot fagrørsla, miljøet og ikkje minst fellesskapen sine velferdsrettar.

Samstundes er Noreg ein liten aktør internasjonalt, og vi er heilt avhengige av at det fins felles spelereglar og forutsigbarhet på handelsområdet. Derfor har Noreg som nasjon interesse av at TISA-forhandlingane som gjeld felles reglar på tenesteområdet fører fram. Vi er i dag med i GATS-avtalen, den eksisterande avtalen for frihandel innan tenesteyting.

Det er viktig at det blir stilt krav til innhaldet i avtalen, og det er viktig å ansvarleggjere regjeringa i denne saka. På denne bakgrunnen ønskjer ordføraren å fremje eit alternativt framlegg til vedtak i tre punkt, dersom kommunestyret ønskjer dette, som på mange vis og ivaretar intensjonen i framlegget til representanten Klementsens.

Framlegg til alternativt vedtak:

- Meland kommune støttar opp om kampanjen om TISA-frie kommunar.
- Meland kommune vil vere ein kommune der tvungen kommersialisering av offentlege tenester gjennom irreversible avtalar ikkje blir akseptert.
- Meland kommune forventar at regjeringa utarbeider og sender på høyring, i god tid før TISA-avtalen blir inngått, ein konsekvensanalyse for korleis avtalen verkar inn på handlefridomen, budsjettet og tenesteytinga til kommunane.